

**Bygland Arbeiderparti
Nutensgate 4
4741 Byglandsfjord**

**NVE, konsesjonsavdelingen
Postbok 5091, Majorstuen
0301 Oslo**

Uttale til høyring av kraftverk i Skomeåni - sak 201700704

Bygland Arbeiderparti vil etter handsaming i medlemsmøte kome med fylgjande uttale til høyringsrunden:

Bygland Arbeiderparti ynskjer at lokale ressursar skal utnyttast til verdiskapande aktivitetar. Vasskraft er ein slik ressurs som gjev lokal aktivitet og verdiskaping. Slik sett så er prosjektet i Skomeåni midt i blinken.

Prosjektet er også eit godt miljøtiltak ved at det kjem meir fornybar energi ut i marknaden i samsvar med gjeldande nasjonal politikk. Det er også vanskeleg å sjå at prosjektet har negative lokale konsekvensar då det er bare ein liten del av vassmengda som blir nytta til kraftproduksjon. Arealet representerer heller ikkje noko inngrep av omfang sidan eksisterande skogsbilveg kan nyttast som trase for nedgraving av røyrgate.

I sum så er Bygland Arbeiderparti veldig positive til tiltaket og me tilrår at NVE gjer eit positivt vedtak om konsesjon.

For Bygland Arbeiderparti

May Britt Stenjør (leder)

Vidar Frøysnes (nestleder)

Vidar Toreid (sekretær)

Uttalelsen er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrifter.